

Møteprotokoll

Utval: **Jostedalsbreen nasjonalparkstyre**
Møtestad: Fjærland Fjordhotell, Mundal
Dato: 26.06.2014
Tidspunkt: 18:00

Følgjande faste medlemmar møtte:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|----------------------|-------------------|---------------|
| Einar Målsnes | Medlem | |
| Eline Orheim | Medlem | |
| Oddmund Klakegg | Medlem | |
| Gunnvor A. Sunde | Medlem | |
| Marie-Johanne Folven | Vara for Sven Flo | |

Følgjande medlemmar meldte forfall:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|-------------------------|----------------------------------|---------------|
| Ivar Kvalen | Leiar | |
| Sven Flo | Nestleiar | |
| Karen Marie Hjelmeseter | Medlem | |
| Olve Grotle | Medlem | |
| Marit Aakre Tennø | Vara for Ivar Kvalen | |
| Nils P. Støyva | Vara for Karen-Marie Hjelmeseter | |
| Turid Vallestad | Vara for Olve Grotle | |

Frå administrasjonen møtte:

| Namn | Stilling |
|-------------|-------------------------------------|
| Maria | Nasjonalparkforvaltar/sekretær |
| Knagenhjelm | |
| Christian | Vikar frå oktober 2014/på opplæring |
| Pettersen | |

Merknad: Grunna forfall frå leiar og nestleiar fungerte Einar Målsnes som møteleiar.

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

| Utvals-saksnr | Innhald | Lukka | Arkiv-saksnr |
|---------------|---|-------|--------------|
| ST 12/14 | Godkjenning av innkalling og dagsorden | | |
| ST 13/14 | Val av to styremedlemmer til å skrive under protokoll | | |
| ST 14/14 | Jostedalsbreen National Park- Permission for geological research | | 2014/2479 |
| ST 15/14 | Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til motorisert ferdslle, filming til dokumentarserie om Norge | | 2014/2355 |
| ST 16/14 | Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - oppgradering av stiane til Oldeskaret og Lundeskaret | | 2013/5023 |
| ST 17/14 | Jostedalsbreen nasjonalparkstyre – løyve til bruk av helikopter til vandrefilm om Skåla | | 2012/3496 |

Orienteringar vert teke under styremøtet mellom sak 12 og 13.

Orienteringar:

- 1) Maria går ut i foreldrepermisjon i begynninga av oktober 2014, og etter ei intern utlysing hos Fylkesmannen i Sogn og Fjordane vart Christian Pettersen tilsett som vikar i om lag eitt års tid.
- 2) Sekretariatet var på ungdomsskulen i Gaupne i mai og fortalte om nasjonalparken i samband med temadag om nasjonalparkar og brevandring. Dette blir truleg eit årleg arrangement med 8. klassen.
- 3) Sekretariatet var, i lag med Breheimen, på SognaVert i Sogndal i juni og fortalte om naturverdiar, landskap og verneområde i Indre Sogn for dei tilsette i reiselivsnæringa. Dette er eit viktig kompetansehevande tiltak for å spreie informasjon til besökande i området. Forvaltarane for Jotunheimen og Nærøyfjorden/Stølsheimen hadde liknande innlegg på tilsvarende kurs i mai i Lærdal.
- 4) Stiprosjekta er i gang, og fire sherpaar er i god driv med stien oppover i Oldeskaret. Arbeidet i Lundeskaret kjem i gong i veke 27. Sjå også sak 16/14.
- 5) Tre oppgåver vart presentert for sekretariatet i juni, etter at studentar og vegleiarar har arbeidd med disse det siste akademiske året i faget Landskapsplanlegging med landskapsarkitektur på Høgskulen i Sogn og Fjordane. Oppgåvene tek for seg innfallsportane til Briksdalsbreen, Bøyabreen og Tungestølen, og ligg ute på heimesida til nasjonalparkstyret. Oppgåvene var veldig spennande og er høgst relevante for styret sitt fokus på innfallsportane.

- 6) Politiet i Stryn har henlagt meldinga om det uregistrerte byggverket i Sunndalen grunna bevisets stilling. Styret ønskjer likevel ikkje at dette skal bli ståande som ei ope sak, og ønskjer at sekretariatet og SNO finn ei måte som kan følgje saka opp vidare.
- 7) Ei revidert informasjonsbrosyre om nasjonalparken er i trykken og vert sendt ut til nasjonalparksentra i løpet av kort tid. Bilete, kart og kontaktinformasjon er bytta ut.
- 8) Utmarksressurs AS vann anbodsrunden i fjar gjeldande kunnskapskartlegging av kulturminne, landbruksaktivitet og næringsverksemid i nasjonalparken. Denne kartlegginga er no ferdig og kan nyttast i forvaltningsplanarbeidet. Styret ønskja at Utmarksressurs AS kjem og presenterer arbeidet på neste styremøte.
- 9) Verneområdeforvaltarane frå Hallingskarvet, Breheimen, Jotunheimen, Folgefonna, Naustdal-Gjengedal og Ålfotbreen, Nærøyfjorden og Stølsheimen, Jostedalsbreen og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane var samla i Oldedalen for ei utveksling av erfaringar og kunnskap. Jostedalsbreen nasjonalpark viste seg frå ei gode side dei to dagane, og gruppa fekk sjå både Brenndalen, Briksdalen og stiprosjektet opp mot Oldeskaret. SNO for Jostedalsbreen og Naustdal-Gjengedal/Ålfotbreen var også med!
- 10) Dagen etter det formelle styremøtet for Jostedalsbreen på Fjærland Fjordhotell drog styret på synfaring. Først fekk styret ei orientering av André Øygard og Anne Sørensen om korleis dei vil drive Flatbrehytta framover og viste oss også området rundt Øygard nede ved vegen. Styret gjekk etterpå opp langs stien frå Øygard og synfarte den nyleg oppgraderte ruta til Flatbrehytta. Styret fekk seg også ein fin tur i blåisen på Supphellebreen.
- 11) Styret ønskjer at neste møte vert lokalisert til Stryn, gjerne til Vetledalsseter.

ST 12/14 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 26.06.2014

Vedtak

Ny sak 17/14 vert teke med i sakslista grunna sein innmelding (3 timer før møtet skulle begynne). Samrøystes vedteke.

ST 13/14 Val av to styremedlemmer til å skrive under protokoll

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 26.06.2014

Handsaming i møte

Einar Målsnes føreslo Eline Orheim og Oddmund Klakegg til å underskrive protokollen.

Vedtak

Eline Orheim og Oddmund Klakegg vart valt til å skrive under protokollen frå dette møtet.

Dei stadfestar då pr e-post om dei godkjenner protokollen eller ikkje, og e-postane vert lagra i sakshandsamingssystemet ePhorte. Fungerande møteleiar Einar Målsnes må også skrive under.

Samrøystes vedteke.

ST 14/14 Jostedalsbreen National Park- Permission for geological research

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 26.06.2014

Handsaming i møte/During the meeting

New information appeared after the secretariat had sent the papers to the Board. The applicant, Dr. Lynn Soreghan, wish that the dust traps can stay out in the field until June 2015, not November 2014, as the secretariat wrote in the papers.

Proposal from Board Member Eline Orheim:

An additional term that if there will be produced a report from the field work, as well as for field studies from the recent years (results/findings etc.), Jostedalsbreen National Park Board would like to receive a copy of this for use in the website.

Fully agreed in the Board Meeting, including the decision to leave the dust traps until June 2015, and the additional term on a copy of the findings.

Vedtak/Decision

The University of Oklahoma, by Dr. Lynn Soreghan, gets permission according to The Nature Diversity Act, section 48, to install dust traps along the rivers in Langedalen, Austerdalen and Snauedalen in Veitastrond, and Supphelledalen in Fjærland, within the National Park.

The permission is given on terms that

- There is no need of permanent holes in the geological surface for the poles of the dust traps
- The permission is granted from August 2014 to June 2015.
- All garbage shall be carried out from the National Park, and there shall be no traces after finished the scientific research.

An additional term that if there will be produced a report from the field work, as well as for field studies from the recent years (results/findings etc.), Jostedalsbreen National Park Board would like to receive a copy of this for use in the website.

We would like to inform you that you also should need permission from the property owners for the installing measurement equipment in the area.

ST 15/14 Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til motorisert ferdsle, filming til dokumentarserie om Norge

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 26.06.2014

Handsaming i møte

Samrøystes vedteke.

Vedtak

NRK v/ Irene Langeland får løyve til motorisert ferdsle med helikopter i Jostedalsbreen nasjonalpark med heimel i naturmangfoldlova § 48. Filminga skal nyttast i ein dokumentarserie om natur og geologi i Norge, og det er primært områda Kjenndalsbreen og Skåla som skal filmast. Briksdalsbreen kan filmast frå utanfor lågsflygingssona 300 moh.

Løyve vert gitt på vilkår av at:

1. Helikoptertransporten skal gjennomførast i løpet av ein (1) dag i veke 32 - 2014, unntekar laurdag og sundag. Dersom dårlig vær forhindrar flyging, kan eit seinare tidspunkt vurderast etter dialog med forvaltninga.
2. Det skal kome fram i dokumentaren at dei filma områda ligg i Jostedalsbreen nasjonalpark.
3. Helikopter eller anna motorisert ferdsle skal ikkje synast eller omtala som særskild i dokumentaren.
4. Under helikoptertransporten skal det takast omsyn til dyreliv og folk på tur i området slik at ein så langt som mogleg unngår å uroe desse.
5. Helikoptertransporten skal avgrense seg til det som er strengt naudsynt.
6. Statens naturoppsyn Jostedalsbreen ved Anne Rudsengen (tlf. 959 63 888) skal varslast på førehand om kva for dagar de skal gjennomføre helikoptertransporten.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre skal ha skriftleg tilbakemelding innan 1.10.14 om gjennomført helikoptertransport.

ST 16/14 Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - oppgradering av stiane til Oldeskaret og Lundeskaret

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 26.06.2014

Handsaming i møte

Samrøystes vedteke.

Vedtak

Med heimel i naturmangfoldlova si § 48 gjev Jostedalsbreen nasjonalparkstyre løyve til å restaurere og oppgradere stien mellom Melkevoll og Oldeskaret i Stryn kommune, og mellom Lunde og Lundeskaret i Jølster kommune. Løyvet omfattar:

- Flytting av stein og steinlegging på utvalte stader langs stien
- Rydding av kratt og enkelte små tre utvalte stader for å kunne lettare arbeide på og syne fram stien
- Helikopterløft til stien til Lundeskaret med wire og anna tungt utstyr, og ev flytte på noko av steinen langs stien.
- Boring av boltar for festing av wire og trinn på få, og strengt naudsynte stader, av tryggleiksomsyn og av omsyn til vassveiene i disse områda.

Vedtaket er gjort med heimel i naturmangfoldlova si § 48, og kan klagast inn til Klima- og miljødepartementet.

ST 17/14 Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til bruk av helikopter til vandrefilm om Skåla

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 26.06.2014

Handsaming i styret

Denne saka kom inn knappe tre timer før møtet begynte. Difor vart heile saka teke muntleg, men forvaltaren leste opp framlegg til vedtak til styret. Styret hugsa saka frå handsaminga i 2012. Samrøystes vedteke.

Vedtak

Løyve til frakt av filmutstyr for filming av vandrefilm med fokus på friluftsliv og naturområder, med heimel i naturmangfaldlova § 48, vert gitt til Reisemål Stryn og Nordfjord v/ Ann-Helen Blakset, på vilkår som går fram under for:

- Løyve på inntil to landingar til saman, fordelt mellom Skålatårnet og langs stien til Skålatårnet.
- Løyve til avgrensa lågtflyging under 300 meter over bakken.
- Helikoptertransporten skal gjennomførast på inntil to dagar, unnateke laurdagar og sundagar, i perioden 21.07.2014 - 11.08.2014
- Helikoptertransporten skal avgrense seg til det som er strengt naudsynt for filminga, og helikopteret skal ikke synast på den ferdige filmen.
- Det skal kome fram av vandrefilmen om Skåla at området ligg i Jostedalsbreen nasjonalpark, og kva føremålet med nasjonalparken er (jf. verneforskrifta pkt. III).
- Under helikoptertransporten skal det takast omsyn til dyreliv og folk på tur i området slik at ein så langt som mogleg unngår å uroe desse.
- Statens naturoppsyn Jostedalsbreen ved Anne Rudsengen (tlf.: 959 63 888) skal varslast på førehand om kva for dagar de skal gjennomføre helikoptertransporten.
- Jostedalsbreen nasjonalparkstyre skal ha skriftleg tilbakemelding innan 1.11.2014 om gjennomført helikoptertransport.